



«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 57 64 31 37
Halvor Røssum

Høyring av verneforslag for Årøy naturreservat i Sogndal kommune

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut forslag til vern av Årøy naturreservat i Sogndal kommune. Du er velkommen til å sende innspel fram til og med 21.08.2026.

Kandidatområdet Årøy ligg inst i Barsnesfjorden i Sogndal kommune, tilgrensande Luster kommune. Vernearealet vi no sender på høyring er lokalisert på gards- og bruksnummer 4/1, 6/1, 7/2, 7/4 og 7/75, og er hovudsakleg eigd av private grunneigarar. Vestland fylkeskommune eig litt av arealet i vest mot fylkesveg 55. Det er framforhandla avtale om vern mellom staten og den største grunneigaren av skogdekt areal. Forhandlingane mellom staten og den andre skogeigaren er i sluttfasen.

Arealet har ein storleik på 2178 dekar, der grovt rekna 1900 dekar er skogdekt og 1400 dekar av dette er vurdert som produktiv skog. Om lag 195 dekar er i sjø.

Bakgrunn for vernet i Årøy er todelt

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 prosent av skogarealet. Per juni 2026 var nær 5,5 prosent av skogarealet og litt over 4,2 prosent av den produktive skogen verna i Noreg. Vi har om lag 3,3 prosent skogvern i Vestland. I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva for å ha stor positiv effekt på trua artar i skog. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog.

Statsforvaltaren har over lengre tid jobba i lag med grunneigarane om vern av den verdifulle naturen i Årøy. Arbeidet inkluderer fleire overlappende verneoppdrag som Statsforvaltaren har fått frå Miljødirektoratet. Prosessen med frivillig skogvern av raudlista edellauvskog og gamal furuskog i Munthemarki har delvis gått parallelt med oppdraget om supplerande vern av Nagløyri, som er arealet med strandeng og delta, der Årøy-elva renn ut i Sognefjorden.

Nagløyri er ein del av det nasjonale oppdraget *Bevaring av verdifull natur*, som omfattar utgreiing av vern etter naturmangfaldlova for om lag 30 område i Vestland. Oppdraget *Bevaring av verdifull natur*



skal sikre område med verdifull natur i låglandet for framtidige generasjonar, men inkluderer i utgangspunktet ikkje eigedom med skog. Område med skog må følgje prosedyre for *frivillig skogvern* og krev grunneigaravtale og frivilligheit.

Ein verneprosess for det vi foreslår å kalle Årøy naturreservat, vil inkludere både frivillig skogvern av Munthemarki og supplerande vern av Nagløyri i ei og same verneforskrift. Tilgrensande kandidatområdet for Årøy, går forslaget om marint vern av Sognefjorden kant i kant, [les meir ved å følgje denne lenkja](#), det marine vernet ligg ute til offentleg høyring fram til 1. november 2026.

Frivillig skogvern gjeld alt skogdekt areal

Artsdatabanken, den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfald, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlistearane på land vert negativt påverka av menneskelege arealendringar. Inngrep som fylgje av nedbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Derfor er det å ta vare på levestadane til artsmangfald i skog blant dei viktigaste tiltaka vi kan gjere for å sikre vestlandsnaturen for framtida.

Dei siste åra har frivillig skogvern etter naturmangfaldslova vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern der staten er heilt avhengig av at grunneigaren sjølv ynskjer dette. Det er FramTre (det nye namnet til AT Skog) som har framforhandla vernet på vegner av grunneigarane i Årøy, og som ser til at interessene til grunneigarane blir ivaretekne.

Verneverdiar

Deltaet Nagløyri er leveområde for eit stort mangfald av artar, både over, på og under overflata. Eit delta er ein type våtmark der land og vatn møtes og der elva munnar ut i fjorden. Nagløyri inkluderer også unike landformasjonar som er typiske for deltaområde. Sidan deltaområde ofte har vorte fylt ut for å utnytte arealet til industri og landbruk er det få slike område att, både i Vestland og elles i landet. Som det einaste intakte deltaet i Sognefjorden er det derfor av stor verdi å sikre denne sjeldne naturtypen for framtida. Nagløyri inkluderer også andre raudlista naturtypar, som semi-naturleg strandeng (truga/EN), strandeng (sårbar/VU), semi-naturleg eng (sårbar/VU) og tilgrensande slåttemark (kritisk truga/CR).

Økosystemet på Nagløyri er både variert og produktivt. Det vart registrert 18 raudlisteartar i området, og av desse er det registrert 12 fugleartar. Fuglane nyttar dei grunnare områda til næringssøk og overvintring og området har derfor ein viktig økologisk funksjon.

Elva er eit svært viktig vassdrag for laks (nær truga på raudlista/NT). Det er registrert fire raudlista planter i «delta-delen» av kandidatområdet: firling (sårbar/VU), dvergsivaks (sårbar/VU), korsevjeblom (truga/EN) og nordleg evjeblom (truga/EN). Alle fire omtalast som pusleplantar; små plantar som er knytt til finkorna, fuktig substrat, som vert periodevis overfløymt og periodevis blottlagt. Nagløyri er eit av dei viktigaste leveområda for pusleplantar i Vestland.

I tillegg finn vi viktig naturbeitemark i kandidatområdet. Naturbeitemarka kan vere veksestad for sjeldne beitemarksopp fordi det er ei gamal beitemark som har vore i langvarig hevd utan gjødsel.

Skogen i kandidatområdet har eit svært variert naturmangfald. Skogen inkluderer gamal furuskog med felt av lavfuruskog i dei nordlegare delane mot elva, samt liggande og ståande død ved i dei litt meir høgareliggjande områda. I den sørlege delen av tilbodsområdet finn vi lågurtedellauvskog, i form av den raudlista naturtypen frisk rik edellauvskog (nær truga/NT). I tillegg finn vi skogtypar med høg bonitet og alm-lindeskog, som er nemnt i prioriteringslista for vidare vern i Vestland.



Hole lauvtre er spreidde i landskapet, desse er viktige for heile eller delar av livssyklusen til både fugl og mange sårbare og truga artar av insekt, sopp og lav. Fleire raudlisteartar knytt til død ved av alm er registrert, som kastanjestilkkjuka (sårbar/VU), almekullsopp (nær truga/NT) og skrukkeøre (nær truga/NT). Det er også registrert store almetre og raudlisteartar som blådoggnål (sårbar/VU), okerprikk (sårbar/VU), bleikdoggnål (nær truga/NT) og almebroddsopp (sårbar/VU).

Skogen i kandidatområdet Årøy er svært viktig for naturmangfaldet, med raudlisteartar knyta til grov alm og rik edellauvskog, og vil såleis kunne dekkje viktige manglar i skogvernet i Noreg.

Våren 2026 starta Statsforvaltaren i Vestland første runde med vaksinering av alm i indre delar av Sogn, der almesjuka er i frammarsj. I kandidatområdet Årøy vart 12 gamle, viktige almetre vaksinert, noko som må gjerast på ny kvar vår inntil almesjuka er «brent ut» i regionen. Vi har også vaksinert alm like utanfor kandidatområdet. Prioriteringa av vaksineringa i Årøy understrekar verdien som almetrea har for naturmangfaldet i indre fjordstrøk.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat i § 37, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, vurderer vi er mest aktuelt for Årøy. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.

Brukarinteresser

Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk, og ålmenta vil kunne nytte området til friluftsliv, og sanking av matsopp og bær. Beiting, vedlikehald av stiar og kongeveggen til Luster i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet er også generelle unntak frå vernereglane. Det er hjortejakt i området, og det er observert elg med jamne mellomrom. Ved jakt skal det vere høve til å sette opp og bruke mobile jakttårn og å fjerne vegetasjon i skotlinja.

All ferdsel skal skje varsamt og med omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. Motorisert ferdsel er forbode, med unntak av naudsynt uttransport av felt vilt eller sjuke/skadde bufe. Vi gjer merksam på at motorferdselsforbodet også gjeld motoriserte fartøy på fjorden innanfor vernegrensa for å sikre eit uforstyrra nærings- og rasteområde for fuglane, jf. verneføremålet. Dette inkluderer til dømes sjøfly og motorbåt. Nagløyri har stor verdi som raste- og kvileplass for migrerande fuglar, noko som er kjem fram i verneføremålet. Forskrifta foreslår difor å forby bruk av drone, undervassdrone, modellfly og liknande for å verne om fuglelivet på best mogeleg måte.

Den føreslegne verneområdegrensa ligg kant i kant med landbruksareal på gards- og bruksnummer 6/1. Grunneigar på 6/1 har spelt inn ønske om at verneforskrifta skal opne for å legge vatningsrøyr ut i elv/sjø for å kunne vatne den dyrka marka. Dette speglar den historiske bruken, og vi har difor lagt inn ein dispensasjonsheimel som opnar for å legge vatningsrøyr med dette formålet.

Grunneigar på denne eigedommen har også spelt inn at det bør vere lov å fjerne vegetasjon langs kanten av jordet som hindrar maskinbruk på den dyrka marka. Malen for naturreservat tilseier at vegetasjon som er fjerna med dette føremålet skal liggje att i verneområdet. Bakgrunnen for ønskje frå grunneigar på 6/1 er at om ein let vegetasjonen liggje att i strandkanten så vil stormfloa seinare



flytte kvisten inn på den dyrka marka. For å unngå dette dobbeltarbeidet stiller vi i forskrifta ikkje krav til at vegetasjonen skal ligge att i terrenget.

Skogen og fjorden er mykje brukt til friluftsliv. Den gamle kongevegen går gjennom Munthemarki, og er den historiske ferdslåra mellom Sogndal og Luster. Området husar kulturminne i form av forsvarsverk, gamle murer og gravrøyser. Skogen er også full av historiske segn og historier, og i kandidatområdet ligg Olavskjelda, ein vanleg plass å stoppe for turgåarar. Det er informasjonsskilt langs kongevegen med omtale av kulturminne og segn. Ein rundtur i skogen er merka av på vernekartet, og er mykje brukt av turgåarar. Det er næringsaktivitet i form av naturbasert reiseliv og laksefiske i elva. I utkastet til vernekart er det markert areal med bålforbod. Dette er grunngeve med ivaretaking av raudlista artar og naturtypar.

Det er registrert eit gyteområde for sild og eit fredingsområde for hummar (Nordnes lykt – Hagastrondi) som overlappar med kandidatområdet.

Nokre felt med gran er innanfor kandidatområdet, men vernegrensa er innskrenka i nord på grunn av skogbruksinteresser og tilgang til tømmer for det grønne skiftet. Her går det også ein landbruksveg som vil kunne nyttast i framtidig tømmerdrift av gran ved vegen. På vernekartet er det markert ein traktorveg som framleis kan nyttast med ATV til å frakte felt hjort i samband med jakt.

Av energiinteresser går det tre kraftlinjer gjennom kandidatområdet. Ei 22 kV-linje Årøy-Heggmyrane eigd av Breheim Nett AS går sørvest-nordaust. To 66 kV-linjer er eigd av Sygnir AS, der Årøy - Kaupanger går nord - sør og Årøy - Heggmyrane går meir vest - aust gjennom kandidatområdet. Elva er regulert til vasskraft.

Innspel i verneprosessen

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 19. desember 2025. Vi fekk inn åtte innspel innan fristen den 13. februar 2026.

Statens vegvesen skriv at dei ikkje har vesentlege merknadar til oppstart av verneprosessen.

Språkrådet støttar framlegget om å la verneområdet få namnet Årøy naturreservat. Dei viser til at gardsnamnet Årøy er registrert som ei eineform i Stadnamnregisteret (SSR) og at største delen av området ligg på garden Årøy.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi legg innspelet til grunn for vidare arbeid.

Landbruksdirektoratet peiker på at høyringsdokumenta tydeleg må skildre landbruksinteressene i området. Direktoratet skriv også at dersom landbruksinteresser ikkje blir tekne omsyn til i utkastet til forskrift så må det forklarast kvifor i høyringsdokumenta. Landbruksdirektoratet meiner landbruksinteressene verker å vere ivaretekne i forslaget til verneforskrift i oppstartsmeldinga, men påpeikar ein skrivefeil i § 4 i. Til slutt etterspør direktoratet ei avveging mellom skogvern og skogbruksinteresser (tømmertilgang) i tråd med nasjonale retningslinjer.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi vurderer at innspela frå Landbruksdirektoratet er ivaretekne i den framlagde forskrifta utarbeidd i dialog med grunneigarane. Embetet har, i møte med landbruksavdelinga her hos Statsforvaltaren, redusert det opphavlege tilbodet si arrondering i nord og nordaust. Vi vurderer såleis at denne



reduksjonen no står seg for å balansere området si betydning for vern og samstundes betydninga disse granfelta og skogsbilvegane har for tømmertilgangen i det grønne skiftet. Resultatet visar at området har stor betydning for vern, og lite betydning for tømmertilgang. Vernet vil såleis ikkje påverke moglegheiter for skog- og trenæringa. Sjå også omtale under brukarinteresser. Skjema og malar med skogfagleg skildring vil bli ettersendt samla for fleire område som er under arbeid.

Fiskeridirektoratet kan på det noverande tidspunkt ikkje sjå at fiskeriinteressene vil bli vesentleg påverka av den føreslegne avgrensinga av naturreservatet, eller den føreslegne verneforskrifta. Direktoratet tek atterhald om at det kan kome ytterlegare merknadar når verneplanen blir lagt ut på høyring, og informerer i tillegg om at det er registrert eit gyteområde for sild og eit fredingsområde for hummar (Nordnes lykt – Hagastrondi) som overlappar med verneplanen.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi tek innspelet til orientering og har lagt inn omtale av gyteområdet og fredingsområdet i kapittelet Brukarinteresser.

Sygnir AS eig og driv dei to eksisterande 66 kV-kraftlinjene som kryssar området, Årøy - Kaupanger og Årøy – Heggmyrane (sjå figur 1). Sygnir skriv at desse linjene i framtida må reinvestrast og oppgraderast til 132 kV for å kunne møte samfunnets kraftbehov, og for å sikre den langsiktige forsyningstryggleiken. Av omsyn til forsyningstryggleiken må det etablerast ein ny trasé parallelt med den noverande. Det er i tillegg planar om ei ny 132 kV-linje til Kaupanger i parallell trasé til den eksisterande gjennom kandidatområdet. Dette medfører behov for å etablere kraftgater på mellom 50 og 100 meter gjennom det føreslegne verneområdet.


Sygnir har vurdert nye traséalternativ på eit overordna nivå, men ikkje lukkast med å finne andre byggbare og realistiske alternativ. Å leggje nye traséar utanfor verneområdet vil i følgje Sygnir føre til meir omfattande inngrep i separate område, lengre total lengde på traséane, større investerings- og driftskostnader, auka synlegheit på kraftlinjene i terrenget, og auka motorferdsel og behov for skogrydding i urørte utmarksområde utan vegløyningar.

Sygnir viser til verneprosessen for Vestreim naturreservat, der dei same planane gjorde at den eksisterande kraftlinja vart ekskludert frå naturreservatet, for å legge til rette for den eksisterande traséen og ei mogeleg framtidig reinvestering. Sygnir minner også om at det er strenge miljøkrav knytt til planlegging, bygging og reinvestering av nettanlegg, uavhengig av om området er verna eller ikkje.

På bakgrunn av dette tilrår Sygnir at det vert etablert dedikerte kraftgater på mellom 50 og 130 meter gjennom verneområdet der vernet ikkje vert gjeldande. Denne bør følgje dei eksisterande linjetraséane som vist på karta under.

Vidare skriv Sygnir at dei ser det som avgjerande å bruke droneteknologi ved drift og vedlikehald av kraftleidningar, fordi dette reduserer behovet for motorferdsel og fysisk tilsyn i terrenget. Selskapet skriv også at dei meiner all reinvesterings-, drifts- og vedlikehaldsaktivitetar må vere permanent unnatekne frå regulering.

Sygnir skriv til slutt at dei meiner ferdsel knytt til nettselskapet sitt naudsynte arbeid må vere unnatekne regulering av ferdsle, då dette er viktig arbeid for å oppretthalde kraftforsyning og ivareta forsyningstryggleik og HMS.



Kommentar frå Statsforvaltaren:

Den 13. mars gjennomførte Statsforvaltaren eit møte i felt saman med Sygnir AS og Breheim Nett AS. På møtet fekk Statsforvaltaren høyre meir om planane om reinvestering av kraftlinene, og framtidige behov knytt til dette. Sygnir AS og Breheim Nett AS fekk høyre meir om naturverdiene som ligg til grunn for verneforslaget, slik at dei kan ta betre omsyn til den sårbare naturen i deira vidare planlegging.

Om lag 1200 meter av kraftlina går gjennom skogkledd areal i føreslått verneområde. I tillegg er det ein strekning på om lag 1000 meter der kraftlina går så tett på føreslått verneområde at ryddegata Sygnir førespeglar vil bli liggande inne i naturreservatet. Totalt ber Sygnir om at om lag 300 dekar trekkast ut av det føreslegne verneområdet av omsyn til det eventuelle prosjektet. Dette inkluderer arealet med den høgaste tettleiken av raudlista artar og naturtyper i det føreslegne verneområdet.

Slik vi forstår Sygnir AS er det endå ikkje avklart når ei ny kraftline eventuelt må etablerast gjennom området. Det er ikkje uvanleg med planprosessar der mogelege framtidige energiinteresser kjem i konflikt med naturvernarbeid. Vi vurderer at det er nasjonale verneverdiar i kandidatområdet, og ønskjer difor ikkje å justere grensene slik at desse verdiene blir truga, særleg ikkje når den førebelse trasevurderinga er gjort på overordna nivå. Som drøfta på synfaringa ber vi Sygnir om å kome med meir informasjon om den eventuelle kraftlinja i høyringsfasen.



Verneforskrifta opnar ikkje for å gje løyve til etablering av ny kraftlinje. Dermed må eventuelt den generelle dispensasjonsbestemmelsen i naturmangfaldlova § 48 nyttast for å få dispensasjon til dette.

Vi ser behovet for å kunne bruke drone i samband med drift og vedlikehald av kraftlinene. Difor endrer vi § 7 bokstav j slik at også bruk av drone omfattast av vedlikehaldsparagrafen. Vi vurderer at sjøfuglane, som er ein viktig del av verneføremålet, og grunnen til dronebruk i utgangspunktet er forbode, ikkje vil ta nemneverdig skade av slik aktivitet så lenge ein set dei riktige vilkåra i behandlinga av dispensasjonssøknaden.

Breheim Nett AS eig ei 22 kV-linje i området og støttar krava frå Sygnir AS om at det skal vere ei dedikert kraftgate gjennom verneområdet der vernet ikkje vert gjeldande. Dei ønskjer at eksisterande traséar vert haldne utanfor verneområdet eller at det vert etablert dedikerte kraftgater for å sikre framtidig drift, vedlikehald og reinvestering utan hindringar frå vernereglane.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Den omtalte 22 kV-linja ligg heilt inntil vernegrensa, og det er berre ei lita grensejustering som må til for at kraftlinja blir liggande heilt utanfor verneområdet. Dette reduserer verneområdet med 122 dekar. Vi vurderer at endringane er av minimal betydning for verneverdiane i området. Difor endrar vi grensene etter Breheim Nett AS sitt ønske, slik at 22 kV-linja blir liggande utanfor verneområdet.

Vi viser elles til vår kommentar på Sygnir AS sitt innspel.

NVE peiker på at det går kraftliner gjennom dagens verneområde, og krev difor at standardføresegner for energi- og kraftanlegg vert inkluderte i forskrifta. NVE ber også Sygnir AS, Luster Energiverk AS og Breheim Nett SA om å kommentere om verneforslaget påverkar deira eksisterande og planlagde nettanlegg.

Vidare peiker NVE på at området grenser til ein elvestrekning som er regulert til vasskraftproduksjon i Årøy kraftverk, og ber Statsforvaltaren om å kontakte Sognekraft produksjon AS for å innhente innspel om behova knytt til dette. Dei foreslår spesifikke endringar i §§ 4, 6 og 7 for å sikre drift og vedlikehald av vassdragsanlegg og flaumsikring, inkludert unntak for akutte tiltak og motorferdsel.

I § 4 foreslår NVE å legge inn eit generelt unntak for «Tiltak som er naudsynt for istandsetting ved akutt behov på eksisterande vassdragsanlegg og regulert elvestrekning i eller inntil verneområdet.» I § 6 foreslår NVE å legge inn at «Ferdslsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for motorferdsel knytt til tiltak som er naudsynte for istandsetting ved akutt behov på eksisterande vassdragsanlegg og regulert elvestrekning i eller inntil verneområdet. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsmyndigheiten.» I § 7 foreslår NVE å legge inn to nye bestemmelsar som opnar for at det etter søknad kan gis dispensasjon til «Drift, vedlikehald og andre tiltak på vassdrags- og energianlegg og regulert elvestrekning, i den utstrekning det er naudsynt for å utøve rettigheter eller oppfylle plikter gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgivinga.» og «Motorisert transport knytt til punkta over».

NVE informerer også om at det ligg eit flaumsikringsanlegg i elva, og at vedlikehald, istandsetting og oppgradering av anlegget kan krevje tiltak i elvestrekningen som er føreslått verna. NVE påpeikar også eit kartlagt vasskraftpotensial i Sagelvi, og ber statsforvaltaren orientere grunneigaren om dette.

Kommentar frå Statsforvaltaren:



Sygnir AS og Breheim Nett SA har gitt sine innspel til oppstartsmeldinga. Desse innspela er omtalt tidlegare i dokumentet. Sognekraft Produksjon AS var kopimottakar av NVE sitt innspel til oppstartsmeldinga. Vi ønskjer innspel frå Sognekraft Produksjon AS i høyringsfasen, særleg om behov knytt til vedlikehald og drift av vassdragsanlegget.

§ 4 bokstav j gir generell opning for «drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet». Vi vurderer difor at det ikkje er naudsynt å legge inn ein ny bokstav under § 4 som opnar for «Tiltak som er naudsynt for istandsetting ved akutt behov på eksisterande vassdragsanlegg og regulert elvestrekning i eller inntil verneområdet.».

§ 6 bokstav c gir eit generelt unntak frå ferdselsreglane for «naudsynt motorferdsle i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg.» Vi vurderer difor at det ikkje er naudsynt å legge inn ein ny bokstav under § 4 som opnar for «motorferdsel knytt til tiltak som er naudsynte for istandsetting ved akutt behov på eksisterande vassdragsanlegg og regulert elvestrekning i eller inntil verneområdet.»

Før vi eventuelt legg inn ein dispensasjonsheimel knytt til «drift, vedlikehald og andre tiltak på vassdrags- og energianlegg og regulert elvestrekning, i den grad det er naudsynt for å utøve rettigheter eller oppfylle plikter gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgivinga», og motorferdsel knytt til dette, ønskjer vi meir informasjon frå NVE og Sognekraft Produksjon AS om å konkretisere kva aktivitet og tiltak det kan bli behov for. Vi ønskjer også meir informasjon om flaumsikringsanlegget, og kva behov som kan kome for tiltak og ferdsel, før vi eventuelt tek inn heimlar knytt til dette.

Grunneigar på 4/1 informerer om at turisme, særleg knytt til laksefiske, er den viktigaste inntektskjelda for garden i dag. Turisme knytt til hjortejakta, og til toppturaktivitet på vinterstid, er også ein viktig del av inntektsgrunnlaget. På garden er det også utleiehytter, og grunneigar tilbyr matservering og guiding i tilknytning til dette. Grunneigar ønskjer å ta vare på naturverdiane gjennom berekraftig bruk, og trekkjer fram forsiktig og berekraftig bruk som ei god oppskrift på å ta vare på dei naturkvalitetane som er i området. Særleg viktig for næringsgrunnlaget er det at laksen ikkje blir borte frå elva.

Grunneigar orienterer i innspelet om at nokre få av gjestane kjem med sjøfly, og at nokre bestiller Rib-tur til og frå der sjøflyet legg til. Det ligg også to fritidsbåtar festa i luftblåse i området, som er tilhøyrande bebuarar i Årøy. Garden har eplefelt og rundballproduksjon ved eplefeltet ned mot fjorden, og kjøkkenhage bak naustet ved stranda. Grunneigar informerer også at mange bruker å bade i området på sommaren, og at det då blir slått gras heilt ned til vatnet på sommaren.

Vidare skriv grunneigar at naustet etter kvart må renoverast, og at dei på sikt ønskjer å tilby overnatting også i naustet. I same område er det også ønskjeleg for grunneigar å få sett opp ei brygge på sikt, då det har stått ei brygge der før.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Nagløyri har stor verdi som raste- og kvileplass for migrerande fuglar, noko som er kjem fram i verneføremålet. Det føreslegne motorferdselsforbodet gjeld alle motoriserte fartøy på fjorden innanfor vernegrensa. Føremålet med motorferdselsforbodet er å sikre eit uforstyrra nærings- og rasteområde for fuglane, jf. verneføremålet. Av omsyn til naturverdiane ønskjer vi difor ikkje å opne for motorisert ferdsel inne i verneområdet, verken for Rib-båtar, fritidsbåtar eller sjøfly.



Vi ønskjer meir informasjon om blåsene som blir brukt til å fortøye fritidsbåtar i høyringsfasen. Vi minner om at det føreslegne motorferdsleforbodet også omfattar fritidsbåtar. Dersom blåsene var etablert før oppstartsmeldinga for verneprosessen vart sendt ut, reknar vi dei som eit eksisterande anlegg som kan driftast og haldast ved like etter § 4 bokstav g.

Når det gjeld eplefeltet og rundballproduksjonen har vi teke omsyn til dette i verneforskrifta sin § 4 bokstav l som opnar for å fjerne vegetasjon langs jordekantar som hindrar maskinbruk på dyrka mark. Vernegrensene er også trekt vekk frå innmarka med eplehage og rundballproduksjon.

Naustet står utanfor føreslått verneområde, og ei eventuell renovering av dette vil difor ikkje bli regulert av verneforskrifta. Anna sektorlovverk vil regulere dette.

Verneforskrifta opnar ikkje for å bygge ei brygge inne i verneområdet. Dette vil vere i strid med verneføremålet, og målet om å ta vare på deltaet og dei naturtypene og artane vi finn der, sjå kapittel om verneverdiar.

Endringar i verneprosessen

Vi har endra vernegrensa etter Breheim Nett AS sitt ønskje, slik at deira 22 kV-linje ligg rett utanfor verneområdet heller enn rett innanfor. Dette reduserer verneområdet med 132 dekar. Vi vurderer at endringane er av minimal betydning for verneverdiane i området.

Vi har retta den omtalte skrivefeilen i § 4 i, som Landbruksdirektoratet peika på.

Vi har endra § 7 bokstav j slik at ein søke om dispensasjon frå verneforskrifta til naudsynt dronebuk i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftlinje.

Forvaltning og skjøtsel

Fastsetting av forvaltningsstyresmakt for Årøy naturreservat blir avgjort i vernevedtaket eller like etterpå. Statsforvaltaren får delegert forvaltningsstyresmakt frå Miljødirektoratet for dei fleste verneområde, men myndigheita er i nokre tilfelle delegert til kommunen eller verneområdestyre dersom området ligg i nærleiken av eit område med lokal forvaltning. Dersom Sogndal kommune ønsker delegert forvaltningsmyndigheit må kommunen gje tilbakemelding om dette gjennom høyringa. For tilbodet til kommunane om forvaltningsmyndigheit gjeld følgjande føresetnader:

- Kommunen vert tilbudd å bli forvaltningsstyresmakt for alle verneområda som i sin heilskap ligg innafor kommunen sine grenser, utanom dei som ligg under verneområdestyre.
- Kommunar som ikkje tidlegare har hatt forvaltningsmyndigheit må takke ja til alle aktuelle verneområde i kommunen dersom kommunen ynskjer å bli forvaltningsstyresmakt. Kommunen må ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse.
- Det følgjer ikkje midlar til ei eventuell delegert myndigheit.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskeleg med innspel til Årøy naturreservat slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil vi vurdere innspela og ta endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet. Frist for å kome med innspel er 21.08.2026.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på nettstaden vår under Høyringar. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.



I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Forslag til vernekart, høyring, Årøy naturreservat
- 2 Forslag til verneforskrift Årøy naturreservat
- 3 Detaljkart, Årøy naturreservat, til høyring

Kopi til:

Miljødirektoratet
FRAMTRE AS

Postboks 5672 Torgarden
c/o AT Skog SA Postboks 73

7485
3901

TRONDHEIM
PORSGRUNN



Mottakerliste:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Det norske skogselskap			
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO



Sør-Norges Fiskarlag	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrenghyking NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboesh gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN



Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane	Dørndalsveien 114	7100	RISSA
DNT Sogn og Fjordane	Hans Hygens gate 1		Høyanger
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
SOGNDAL TURLAG	Trolladalen 30	6856	SOGNDAL
LUSTER TURLAG	Trolladalen 30	6856	SOGNDAL
NINA MUNTHE OLSEN	Årøy 4	6857	SOGNDAL
ÅRØY GÅRD	Årøy 4	6857	SOGNDAL
Bjarte Joar Litlabø	Steigavegen 5	6857	Sogndal
Sigurd Ølnes	Englandsvegen 7	6857	Sogndal
Tove Ølnes	Årøyvegen 408	6857	Sogndal
SYGNIR AS AVD SOGNDAL	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
SYGNIR AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
BREHEIM NETT AS	Gaupnegrاندane 4	6868	GAUPNE
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
SOGNEKRAFT AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
SOGNEKRAFT PRODUKSJON AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN